

85 år.

Ein av dei eldste i Sørreisa

Bernhard Bertheussen,

Gottesjord, fyller 85 år førstk. søndag 12. september.

Han er fødd på Gottesjord av foreldre Bertheus Eriksen og kona. Mest berre ungdomen tok han til i fiskarbåten med far sin som var en framifrå dyktig mann, både på fiskefeltene og på landjorda. Om Bernhard og syskena hans kan ein trygt sei at: «Stor arv det er for mannen av godt folk vera fødd». De bar alle fram arven på ein glimrande måte i bygda si og der dei elles for fram.

Bernhard har vore liksom meir ein stilfarande mann, men tenksom og tiltaksom på land og sjø som sine fedre. Og når det han har arbeidet med har lyktes så bra, så fortentar hans trufaste fylgje, ho Rikka, kona hans og mykje av æra for det.

Sorg har dei ikkje vore spart for. Einaste barnet, dotter deira var sjuk i mange år og tilslutt tok sjukdomen henne fra deim for godt. Men dei har lært å taka alt som dei har møtt — også motgang — som Gud sin vilje og å takka han for alt.

No er håret litt grånet og foten ikke så lett, som før, men åndsfrisk og lit arbeidsfør er de framleis.

Tilslutt vår gratulasjon til 85 åringen med ynskje om lys og fredfull livskveld for deim begge.

Vener.